

**Offentlige kulturutgifter på Vestlandet  
under Kulturløftet 2005-2012**

**Georg Arnestad**

## **Føreord**

Kulturløftet er namnet på den kulturpolitiske satsinga til dei raud-grøne regjeringane i perioden 2005-2009 (Kulturløftet I) og 2009-2013 (Kulturløftet II). Våren 2011 nemnde regjeringa opp eit stort utval, leia av Anne Enger, som skulle evaluere den store satsinga. Rapporten frå Engervalet fekk namnet «Kulturutredningen 2014» og vart lagt fram 4. mars i år. Dette er ein grundig gjennomgang og ei (overraskande) kritisk analyse av den norske kulturpolitikken siste tiåret.

Hovudvekta i «Kulturutredningen 2014» er naturleg nok lagt på utviklinga av den statlege kulturpolitikken. Men rapporten inneheld også ein omfattande analyse av utviklinga av den kommunale og fylkeskommunale kulturpolitikken.

Det er denne analysen som har ført til at dei administrativt ansvarlege for kulturpolitikken i dei fire fylkeskommunane på Vestlandet har spurt meg om å utarbeide eit oversyn over utviklinga av kommunale, fylkeskommunale og statlege kulturutgifter på Vestlandet for perioden 2005-2012.

I dette notatet er det utarbeidd slike oversyn. Kommunale kulturutgifter vert i hovudsak presentert fylkesvis. Notatet vert avslutta med nokre korte refleksjonar om korleis dei fire fylkeskommunane kan følgje opp tilrådingane frå Kulturutredningen 2014.

Sogndal 17.4.2013

Georg Arnestad

## Bakgrunn for arbeidet

Dette notatet er skrive på førespurnad frå fylkesdirektør for kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Ingebjørg Erikstad. Bakgrunnen for førespurnaden var at ho og hennar kollegaer i dei tre andre vestlandsfylka ønskte å få utarbeidd eit oversyn over utviklinga av kommunale, fylkeskommunale og statlege kulturløyvingar i Kulturløftetperioden i dei fire vestlandslandsfylka. I ein e-post av 8. mars presiserte Erikstad oppdraget slik:

1. Utviklinga i kommunane og fylkeskommunane (avgrensa til dei fire vestlandsfylka) sine registrete løyvingar til kultur i perioden med kulturløft 1 & 2 – sett opp mot den generelle økonomiske utviklinga i kommunane og fylkeskommunane.
2. Kan det seiast noko om utviklinga på Vestlandet sett i høve resten av landet/andre landsdelar?
3. Korleis har løyvingar frå Kulturløft 1 & 2 komme kulturlivet i våre fylke til gode – også sett opp mot utviklinga i andre deler av landet/landsdelar
4. Særtrekk ved det vestlandske kulturlivet som er verdt å nemne/trekkje inn i denne diskusjonen?

Del 1 og 2 oppfattar eg som ei oppgåve som best kan svarast på ved ei bearbeiding av data frå kommunedatabasen Kostra for perioden 2005-12. Del 3 gjeld løyvingar frå statsbudsjettet til Vestlandet. Her har eg i hovudsak kunne nytte meg tabellar og oversyn frå Kulturdepartementet. Eg fekk desse oversyna i samband med ein analyse eg gjorde for Enger-utvalet om «Tala i Kulturløftet». I del 4 vert det gjort nokre refleksjonar om korleis dei fire fylkeskommunane på Vestlandet kan arbeide vidare med oppfølginga av Kulturløftet.

## Kulturutredningen 2014 om kommunale kulturutgifter

Innstillinga frå Enger-utvalet er bakgrunnen for utarbeidinga av notat. Her ligg det føre ganske omfattande analysar av utviklinga både statlege, kommunale og fylkeskommunale kulturutgifter for perioden frå 2005. Det er desse analysane som dannar grunnlaget for notatet mitt. Vi startar med utviklinga av dei kommunale kulturutgiftene i perioden 2005-2012.

Enger-utvalet har med grunnlag i ein studie av Telemarksforsking gjort ein omfattande analyse av den kommunale kulturøkonomien 2001-2010. Kortfatta og punktvis er Enger-utvalets oppsummering slik:

- Sterk vekst i kommunane sine samla driftsutgifter til kulturformål i heile perioden
- Kraftig vekst i kommunanes investeringsutgifter til kultur etter 2005. Mesteparten av dette går til idrett (65-60 pst.) og til kulturbygg (23-30 pst.). Kulturbyggdelen har auka mest i den siste perioden.
- Representantar for det lokale kulturlivet hevdar at kommunal kultursektor har vorte nedprioritert, og at det er behov for eit kulturløft på lokalt nivå.
- Reduksjon i delen av kommunar som har eigne kulturutval og kulturetatar, særleg blant små kommunar.
- Stor variasjon i kommunanes kulturutgifter mellom kommunar med høge og låge frie inntekter.
- Idretten har styrkt sin posisjon i den kommunale kultursektor.
- I perioden 2005-2010 gjekk så godt som heile veksten i kommunale driftsutgifter til kultur, til idrett, andre kulturaktivitetar («begivenhetskultur») og kulturbygg.
- I perioden 2005-10 var det ein realnedgang i kommunanes driftsutgifter til permanente kulturverksemder som ungdomsklubbar, kulturskule, folkebibliotek og korps/kor.
- Nedgangen var størst for folkebiblioteka.

- I kommunal kultursektor kan ein snakke om eit «idrettsløft», eit «kulturhusløft» og kanskje eit «festivalløft», men ikkje om eit løft i den kulturelle grunnmuren i det lokale kulturlivet.
- Det har skjedd «en utydeliggjøring» av kultursektoren på lokalt nivå.
- Kulturlova frå 2007 har ikkje fått noko å seie for den kommunale kultursektor og dei kommunale kulturutgiftene.

## Vestlandskommunane

Kva så med kommunane på Vestlandet? Eg har med grunnlag i tal frå Kostra-databasen utarbeidd oversyn over utviklinga av kommunale drifts- og investeringsutgifter til kultur for kommunane i dei fire vestlandsfylka for perioden 2005-2012. Kostra-tala for 2012 er førebels, men så lenge vi opererer på fylkesnivå, skaper ikkje dette særlege problem.

Eg har først sett nærmare på nokre generelle utviklingstrekk i den kommunale økonomien for landet under eitt, med og utan Oslo, og for dei fire vestlandsfylka for åra 2004-2012. Formålet med dette er å sjå om det er spesielle utviklingstrekk ved kommunane på Vestlandet samanlikna med landet som eit heile. Dette går fram av tabellen nedanfor (side 4 og 5).

Når det gjeld *totale* netto og brutto driftsutgifter og *frie inntekter*, alt per innbyggjar, er det ingen avgjerande skilje eller spesielt ulike utviklingsmønster mellom kommunane på landsbasis og kommunane i vestlandsfylka i perioden 2004-12. Det er likevel verd å registrere at kommunane i Sogn og Fjordane har betydeleg høgare driftsutgifter og også høgare frie inntekter per innbyggjar enn både landssnittet og dei tre andre vestlandskommunane. Slik har det vore heile perioden tabellen dekkjer. Dei tre andre vestlandsfylka ligg nokolunde kring landsgjennomsnittet. Rogaland og Hordaland har for perioden 2005-12 hatt størst prosentvis vekst i netto driftsutgifter per innbyggjar, Sogn og Fjordane minst. Veksten i dei frie inntektene, som kan forklare ulikskapar i kulturutgiftene, er forholdsvis lik på landsbasis og i vestlandsfylka.

Når det gjeld *netto driftsutgifter til kultur per innbyggjar*, ligg Rogaland heile perioden betydeleg høgare enn landssnittet og dei andre vestlandsfylka. Det er særleg sterk vekst her i 2006. Hordaland plasserer seg rundt landssnittet, Sogn og Fjordane noko under og Møre og Romsdal godt under gjennomsnittet. Slik har det vore stort sett heile perioden 2004-12. Veksten i kulturutgiftene på Vestlandet har stort sett vore svakt under veksten på landsbasis.

Når vi ser på kor stor del *netto driftsutgifter til kultur utgjer av kommunens samla netto driftsutgifter*, er Rogaland klart i toppen, godt over landsgjennomsnittet. Hordaland ligg rundt landsnittet heile perioden, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal under snittet. Sogn og Fjordane, som har klart høgast totale driftsutgifter per innbyggjar og også høgast frie inntekter per innbyggjar, brukar lågast prosentdel til kulturdrift. **Legg elles merke til at prosentdelen går betydeleg ned i alle kommunegruppene, med frå 0,4 til 0,9 prosentpoeng, frå 2010 til 2011.** Dette skuldast ei teknisk endring i utrekningsgrunnlaget ved at det statlege tilskotet til barnehagar vart gjort om frå øyremerkte tilskot til rammetilskot. Dette medførte av omgrepet «samla netto driftsutgifter» vart høgare enn før. Dermed fekk alle tenesteområda lågare prosentdel netto driftsutgifter i forhold til samla netto driftsutgifter frå og med 2011.

Til sist: Kommunane i Sogn og Fjordane har dei siste fem åra hatt høgast *brutto investeringsutgifter per innbyggjar*, betydeleg over landsgjennomsnittet. Møre og Romsdal ligg klart lågast. Elles varierer investeringsutgiftene per innbyggjar mykje frå år til år.

**Tab 0 Nøkkeltal kommuneøkonomi 2004-2012 (løpende priser)**

		2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Pst 2005- 2012	Pst 2008- 2012
<b>Landet</b>	Netto driftsutgifter i kroner per innbyggjar	28678	29494	31149	33196	35492	37809	39350	46610	49250	67,0	38,8
	Brutto driftsinntekter i kroner per innbyggjar	43357	45419	49113	51043	54689	59083	61100	64313	68110	50,0	24,5
	Frie inntekter i kroner per innbyggjar	25708	26784	29728	30257	31759	34363	35893	43445	46475	73,5	46,3
	Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kroner	1169	1244	1354	1469	1568	1605	1736	1817	1881	51,2	20,0
	Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger	520,2	430,1	411,5	600,4	712,6	983,5	936,8	841,9	836,9	94,6	17,4
	NDU Kultur i pst av NDU tot	4,1	4,2	4,3	4,4	4,4	4,2	4,4	3,9	3,8		
<b>Landet utan Oslo</b>	Netto driftsutgifter i kroner per innbyggjar	27821	28694	30445	32386	34642	37010	38470	45717	48295	68,3	39,4
	Brutto driftsinntekter i kroner per innbyggjar	42287	44476	48093	50178	53805	58296	60485	63650	67407	51,6	25,3
	Frie inntekter i kroner per innbyggjar	25171	26236	29068	29533	30969	33712	35271	42641	45652	74,0	47,4
	Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kroner	1190	1222	1345	1463	1560	1594	1683	1758	1847	51,1	18,4
	Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbyggjar	479,1	422,5	451,8	612,5	726,5	769,6	822,3	904,1	904,3	114,0	24,5
	NDU Kultur i pst av NDU tot	4,3	4,3	4,4	4,5	4,5	4,3	4,4	3,8	3,8		
<b>Rogaland</b>	Netto driftsutgifter i kroner per innbyggjar	27326	27850	29838	31432	33735	36323	37981	45275	47992	72,3	42,3
	Brutto driftsinntekter i kroner per innbyggjar	39753	42452	45863	48464	52565	56057	57619	60403	63490	49,6	20,8
	Frie inntekter i kroner per innbyggjar	23852	25190	27962	28985	30293	32378	33650	41963	44883	78,2	48,2
	Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kroner	1502	1536	1920	1908	1964	2021	2195	2202	2257	46,9	14,9
	Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbyggjar	313,7	405,8	487,5	521,1	656,8	981,4	723,5	787,7	779,4	92,1	18,7
	NDU Kultur i pst av NDU tot	5,5	5,5	6,4	6,1	5,8	5,6	5,8	4,9	4,7		
<b>Hordaland</b>	Netto driftsutgifter i kroner per innbyggjar	27714	27928	30148	32246	35201	37125	38347	45873	48063	72,1	36,5
	Brutto driftsinntekter i kroner per innbyggjar	41542	42978	46497	49133	52113	56011	58271	61326	64983	51,2	24,7
	Frie inntekter i kroner per innbyggjar	24425	25857	28360	28968	30236	32802	34325	42203	45135	74,6	49,3
	Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kroner	1270	1237	1340	1504	1667	1609	1668	1753	1862	50,5	11,7
	Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbyggjar	434,2	553,9	545,2	639,3	485,2	879,4	1337	1129,5	965,5	74,3	99,0
	NDU Kultur i pst av NDU tot	4,6	4,4	4,4	4,7	4,7	4,3	4,3	3,8	3,9		
<b>Sogn og Fjordane</b>	Netto driftsutgifter i kroner per innbyggjar	32016	34054	35041	36936	39447	42714	44777	52234	55350	62,5	40,3
	Brutto driftsinntekter i kroner per innbyggjar	49133	51600	56296	58608	62884	68973	71828	76568	79714	54,5	26,8
	Frie inntekter i kroner per innbyggjar	29087	30143	33194	33175	34831	38779	40304	47565	50381	67,1	44,6
	Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kroner	1190	1244	1337	1427	1471	1590	1723	1705	1758	41,3	19,5
	Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbyggjar	276,9	538,2	626,6	403,3	1265,4	1119,2	1149	1458,6	1447,8	169,0	14,4
	NDU Kultur i pst av NDU tot	3,7	3,7	3,8	3,9	3,7	3,7	3,8	3,3	3,2		

		2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Pst 2005- 2012	Pst 2008- 2012
<b>Møre og Romsdal</b>	Netto driftsutgifter i kroner per innbyggjar	28473	29838	31872	34089	36116	38431	39551	46546	49889	67,2	38,1
	Brutto driftsinntekter i kroner per innbyggjar	42754	44920	48509	51065	54979	59984	62304	65222	69281	54,2	26,0
	Frie inntekter i kroner per innbyggjar	25595	26819	29766	30524	31990	34980	36441	43534	46639	73,9	45,8
	Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kroner	1064	1091	1228	1382	1477	1531	1560	1633	1684	54,4	14,0
	Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbyggjar	453,3	468	290,1	406,9	477,7	762,6	888,6	716,1	484,9	3,6	1,5
	NDU Kultur i pst av NDU tot	3,7	3,7	3,9	4,1	4,1	4,0	3,9	3,5	3,4		

## Kommunale driftsutgifter til ulike kulturformål 2005-2012

I det vidare skal vi sjå nærmare på utviklinga av dei kommunale driftsutgiftene til ulike kulturformål i perioden 2005-2012. Vi gjer dette for heile landet, med og utan Oslo, og for dei fire vestlandsfylka separat. Tala vi brukar, er oppgitt i **løpande** prisar, det vil seie dei er ikkje deflaterte med ein prisindeks.

Tala i tabell 1 og 2 har vi vore innom i den store samletabellen vi har gjennomgått ovanfor. Tabell 1 viser netto driftsutgifter til kulturformål i alt per innbyggjar for åra 2005-12. Tabell 2 viser kor stor prosentdel dei utgjer av kommunens samla netto driftsutgifter.

*Tabell 1 Kommunale netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kroner.*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2005-2012	Prosent 2008-2012
Heile landet	1244	1354	1469	1568	1605	1736	1817	1882	51,3	20,0
Landet utan Oslo	1222	1345	1463	1560	1594	1683	1758	1848	51,2	18,5
Rogaland	1536	1920	1908	1964	2021	2195	2202	2256	46,9	14,9
Hordaland	1237	1340	1504	1667	1609	1668	1753	1864	50,7	11,8
Sogn og Fjordane	1244	1337	1427	1471	1590	1723	1705	1758	41,3	19,5
Møre og Romsdal	1091	1228	1382	1477	1531	1560	1633	1684	54,4	14,0

Når det gjeld tabell 2 nedanfor, minner eg om endringa i utrekningsgrunnlaget frå og med 2011, då statstilskotet til barnehagar vart omgjort frå ein øyremerkt tilskot til eit rammetilskot.

*Tab 2 Netto driftsutgifter til kultur i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Heile landet	4,2	4,3	4,4	4,4	4,2	4,4	3,9	3,8
Landet utan Oslo	4,3	4,4	4,5	4,5	4,3	4,4	3,8	3,8
Rogaland	5,5	6,4	6,1	5,8	5,6	5,8	4,9	4,7
Hordaland	4,4	4,4	4,7	4,7	4,3	4,3	3,8	3,9
Sogn og Fjordane	3,7	3,8	3,9	3,7	3,7	3,8	3,3	3,2
Møre og Romsdal	3,7	3,9	4,1	4,1	4,0	3,9	3,5	3,4

Engerutvalets rapport viser at driftsutgiftene til folkebibliotek har klart lågast vekst. Er det slik også i vestlandsfylka? Vi ser på dette i tabell 3.

*Tab 3 Kommunale netto driftsutgifter til folkebibliotek. Kr per innbyggjar*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Pst. 2005-2012	Pst. 2008-2012
Heile landet	228	236	239	248	250	255	260	271	18,9	9,3
Landet utan Oslo	231	241	244	247	253	255	258	271	17,3	9,7
Rogaland	242	244	240	227	243	244	262	253	4,5	11,5
Hordaland	176	188	207	221	227	229	251	261	48,3	18,1
Sogn og Fjordane	280	284	292	302	308	314	318	334	19,3	10,6
Møre og Romsdal	207	217	222	233	241	246	251	257	24,2	10,3

Tabellen viser at samanlikna med veksten i dei samla kulturutgiftene har det, med unntak av Hordaland, vore betydeleg lågare vekst i bibliotekutgiftene. I Rogaland har driftsutgiftene til bibliotek nærmast stått i ro i perioden (i nominelle kroner), men også i landet samla og i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har veksten vore låg. På landsbasis auka kulturutgiftene samla med 51,3 pst. i perioden 2005-12, for folkebiblioteka er veksten berre 18,9 pst. I Hordaland kan det sjå ut som kommunane, eller i alle fall nokre kommunar, har teke eit krafttak for folkebiblioteket i perioden frå eit heller dårleg utgangspunkt. Løyvingane ligg likevel i 2012 framleis under landsgjennomsnittet. Det gjer dei også i Hordaland og Møre og Romsdal, medan bibliotekutgiftene i Sogn og Fjordane heile perioden har lege godt over landsgjennomsnittet.

På landsbasis har veksten i utgifter til drift av musikk- og kulturskule vore ca. 10 prosentpoeng lågare enn veksten i kulturutgifter totalt. Sjå tabell 4 nedanfor. Også for Rogaland og, særleg, Møre og Romsdal har veksten på dette området vore relativt låg. I Sogn og Fjordane og i Hordaland har utgiftene til musikk- og kulturskule auka prosentvis noko meir enn dei samla kulturutgiftene, særleg i første del av perioden. Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal brukar betydeleg meir enn landsgjennomsnittet til dette formålet. I mindre grad gjeld dette òg Rogaland. Musikk- og kulturskulen står samla sett ikkje fram som ein «tapar» .

*Tab 4 Kommunale netto driftsutgifter til musikk- og kulturskular. Kr per innbyggjar.*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2005-2012	Prosent 2008-2012
Heile landet	176	187	200	213	220	225	231	245	39,2	15,0
Landet utan Oslo	193	205	219	234	242	246	254	271	40,4	15,8
Rogaland	218	226	241	259	278	291	281	305	39,9	17,8
Hordaland	176	188	207	221	227	229	251	261	48,3	18,1
Sogn og Fjordane	249	265	271	315	322	335	349	374	50,2	18,7
Møre og Romsdal	272	292	303	320	325	339	350	374	37,5	16,9

Utgiftene til aktivitetstilbod til barn og unge har liten nominell vekst, både på landsplan og på Vestlandet, jf. tabell 5. I Sogn og Fjordane har det i perioden 2006-2012 vore ein nominell nedgang i utgiftene per innbyggjar. I Rogaland er dette tilfellet for siste periode. Berre Rogaland ligg over landssnittet. Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane ligg langt bak. Det er dette området som står fram som *den klare «taparsektor»* i kulturbudsjettet 2005-12.

*Tab 5 Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod barn og unge. Kr per innbyggjar*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2006-2012	Prosent 2008-2012
Heile landet	:	170	177	180	184	193	193	195	14,7	8,3
Landet utan Oslo	:	149	156	160	161	159	161	167	12,1	4,4
Rogaland	:	172	177	204	211	199	197	202	17,4	-1,0
Hordaland	:	152	143	152	159	168	168	185	21,7	21,7
Sogn og Fjordane	:	115	109	93	100	112	90	108	-6,1	16,1
Møre og Romsdal	:	82	92	92	98	92	98	94	14,6	2,2

Utgifter per innbyggjar til museum og kunstformidling viser eit ujamnt forløp, sjå tab. 6. Dei har vakse mykje i Rogaland og Møre og Romsdal. I sistnemnde frå eit lågt nivå. Hordaland,



med alle institusjonane i Bergen, ligg her betydeleg over landsgjennomsnittet. Men veksten i perioden er låg. Det er ein betydeleg realnedgang i utgiftene.

*Tab 6 Netto driftsutgifter til museum og kunstformidling. Kr per innbyggjar*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2005-2012	Prosent 2008-2012
Heile landet	120	127	143	146	146	148	159	171	42,5	17,1
Landet utan Oslo	125	133	150	153	150	154	161	171	36,8	11,8
Rogaland	146	166	227	230	228	250	248	249	70,5	8,3
Hordaland	225	235	255	259	238	228	241	289	28,4	11,6
Sogn og Fjordane	57	55	65	55	79	59	67	78	36,8	41,8
Møre og Romsdal	65	72	78	83	100	100	107	110	69,2	32,5

Sogn og Fjordane har svært låge, og varierende, driftsutgifter på dette området. Møre og Romsdal ligg òg godt under landsgjennomsnittet. Men her er det jamn vekst i perioden

I perioden som er handsama i Engerutvalets innstilling; 2001-2010, er det driftsutgiftene til idrettsformål som både utgjør den største utgiftsposten i kulturbudsjettet og som har hatt størst vekst. Våre tal viser at det same er tilfellet for perioden 2005-2012, både for heile landet og for Vestlandet, jf. tabell 7.

*Tab 7 Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg og til idrett. Kr per innbyggjar*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2005-2012	Prosent 2008-2012
Heile landet	338	370	412	433	450	525	550	577	70,7	33,3
Landet utan Oslo	325	359	407	426	443	495	519	549	68,9	28,9
Rogaland	397	459	530	536	572	646	644	697	75,6	30,0
Hordaland	358	392	465	525	513	541	557	557	55,6	6,1
Sogn og Fjordane	329	365	412	388	452	523	534	540	64,1	39,2
Møre og Romsdal	226	291	333	375	378	383	409	429	89,8	14,4

For heile perioden 2005-12 har den prosentvise veksten i det frå før store idrettsbudsjettet vore betydeleg større enn veksten i det samla kulturbudsjettet. Skilnadene er størst i Rogaland og Møre og Romsdal, det idrettens vekst er 30-35 prosentpoeng større enn veksten i kulturbudsjettet totalt. På landsbasis utgjorde i 2012 idrettsutgiftene 30,6 pst. av samla driftsutgifter til kultur. I 2005 var denne delen 27,2 pst. Tilsvarende tal for Rogalandkommunane var 30,8 og 25,8. For Hordaland 29,9 og 28,9. For Sogn og Fjordane 30,7 og 26,4. For Møre og Romsdal var prosentala (berre) 25,5 og 20,7. Idretten har i perioden 2005 til 2012 styrkt sin posisjon i betydeleg grad på dei vestnorske kommunale kulturbudsjetta. Den har den i like stor grad gjort på kommunale kulturbudsjett landet over. Veksten har vore lågast i Hordaland, særleg i siste perioden. I tabellen ovanfor har vi slått saman driftsutgiftene til idrett og til kommunale idrettsbygg.

Tabell 8 viser utvikling av budsjettposten kommunale kulturbygg for perioden 2008-2012. Før 2008 var utgiftene her førte over posten «Andre kulturaktivitetar». Som det går fram av tabellen, har det vore ein svært sterk vekst i denne perioden i utgiftene til kommunale kulturbygg, både på landsnivå og på Vestlandet. Ingen av dei andre budsjettpostane har i denne perioden hatt ein så sterk vekst som denne posten. Men totalutgiftene på denne posten er betydeleg lågare enn utgiftene til idrett og idrettsbygg.

Tab 8 Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg. Kr per innbyggjar

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2005- 2012	Prosent 2008-2012
Heile landet	:	:	:	95	112	131	160	161		69,5
Landet utanom Oslo	:	:	:	106	123	142	165	172		62,3
Rogaland	:	:	:	106	129	170	176	166		56,6
Hordaland	:	:	:	85	88	110	146	159		87,1
Sogn og Fjordane	:	:	:	90	104	159	182	166		84,4
Møre og Romsdal	:	:	:	102	137	151	164	196		92,2

Til slutt i denne delen viser vi utviklinga av utgiftene til samleposten «Andre kulturaktivitetar». For åra 2005-2007 er utgifter til «kulturbygg» inkluderte i denne posten.

Tab 9 Netto driftsutgifter til andre kulturaktivitetar. Kr per innbyggjar

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2005-2012	Prosent 2008-2012
Heile landet	214	252	282	241	232	245	249	249	16,4	3,3
Landet utanom Oslo	195	244	268	221	210	216	222	234	20,0	5,9
Rogaland	338	639	477	389	347	383	381	372	10,1	-4,4
Hordaland	114	145	208	188	147	145	140	154	35,1	-18,1
Sogn og Fjordane	209	231	253	208	208	193	146	140	-33,0	-32,7
Møre og Romsdal	220	251	323	257	239	233	231	209	-5,0	-18,7

Tabellen viser at utgiftene på denne posten ikkje berre har stagnert, men i løpande kroner gått tilbake i vestlandskommunane i perioden 2008-2012. På landsplan har utgiftene stått i ro. Vi finn derfor her ingen teikn, slik Engerutvalet gjer det, til at kommunale utgifter til «begivenhetskultur» (festivalar, spel og slikt) har auka. I den grad desse utgiftene vert førte over denne posten, noko som er sannsynleg, har kommunane sine utgifter, særleg på Vestlandet, gått betydeleg tilbake på dette området. Dette rimar dårleg med Engerutvalets konklusjon om ein forholdsvis stor auke i løyvingar på dette feltet. Det som helst ligg i denne posten, må vere kommunane sine frie disposisjonsmidlar til generelt kulturarbeid av ulikt slag, gjerne slikt som vert behandla etter søknad frå lag og organisasjonar av ulik karakter. I første del av perioden inneheld også posten utgifter til drift av kommunale kulturbygg». Og det er i perioden etter at desse fekk eigen budsjettpost, at utgiftene til «andre kulturaktivitetar» har vorte mest reduserte.

### Oppsummering

I perioden 2005-2012 har kommunale driftsutgifter til kultur hatt ein vekst som er på linje med, eller kanskje ørlite større enn, kommunale driftsutgifter i alt. Dette gjeld på landsbasis og det gjeld kommunane i dei fire vestlandsfylka. Veksten har vore svakast i Sogn og Fjordane. Kommunane i Møre og Romsdal har lågast og (kommunane i) Rogaland klart høgast kulturutgifter per innbyggjar av vestlandsfylka. Rogaland ligg godt over landsgjennomsnittet.

Veksten i dei kommunale driftsutgiftene er skeivt fordelt mellom dei ulike postane på kulturbudsjettet. Det har vore *sterk vekst i utgiftene til idrett og kommunale idrettsbygg og til kulturbygg* (siste perioden). *Dei klare taparane i den kommunale kultursektor er aktivitetstilbod til barn og unge, folkebibliotek og gruppa «andre kulturaktivitetar»*. Her har det vore ein realnedgang i utgiftene (i faste prisar). Dette gjeld på landsplan og også kommunane i vestlandsfylka, om enn i noko ulik grad. Hordaland har, som einaste fylke i vest, hatt likevel ein relativt stor auke i dei kommunale bibliotekutgiftene. Men her var utgangspunktet svært lågt i 2005.

Utgiftene til drift av *musikk- og kulturskular* har halde seg bra oppe, men har på landsbasis likevel hatt rundt 10 prosentpoeng lågare vekst enn dei samla netto driftsutgiftene til kultur. Men kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane har auka sine driftsutgifter til musikk- og kulturskular prosentvis meir enn dei har auka det samla kulturbudsjettet.

Utviklinga av utgifter til *museum og kunstformidling* har eit ujamnt forløp i vestlandskommunane. Betydeleg vekst i Rogaland og Møre og Romsdal, frå eit lågt utgangspunkt. Liten vekst i Hordaland og Sogn og Fjordane. Hordaland ligg høgt i landssamanheng, Sogn og Fjordane lågt.

Når det gjeld samleposten «*Andre kulturaktivitetar*,» har det vore ein betydeleg tilbakegang i utgiftene (også i løpande kroner) i vestlandskommunane. Det tyder på den såkalla «*begivenhetskulturen*» ikkje er nokon vinnar, slik det går fram av Engerutvalets innstilling.

Også i *vestlandskommunane* er det idrett, idrettsbygg og kulturbygg som er dei eintydige klare vinnarane i kampen om dei kommunale kulturkronene i perioden 2005-2012. Den klare taparen er samleposten «*andre kulturutgifter*» saman med aktivitetstilbodet til barn og unge og folkebiblioteket. Men Hordalandskommunane har teke tak i folkebiblioteket i perioden.

### **Kommunale investeringar til kulturformål**

Kostra-basen inneheld også tal for samla kommunale bruttoinvesteringar til kulturformål for heile perioden 2005-2012. For åra 2008-12 finn vi også tal for bruttoinvesteringar til kommunale idrettsbygg/anlegg og bruttoinvesteringar til kommunale kulturbygg. Tabell 10, neste side, viser utviklinga.

Samla sett for perioden under eitt har kommune-Noreg på landsplan kulturinvestert for rundt 5.700 kroner per innbyggjar. På Vestlandet merkjer kommunane i Sogn og Fjordane seg ut. Her har det vorte investert for ca. 8.000 kroner per innbyggjar. Også Hordaland ligg over landsnittet (6.500 kroner), Rogaland litt under (5.300), Møre og Romsdal betydeleg under (4.500).

For perioden 2008-12 har knapt 75 pst. av dei samla kulturinvesteringane på landsbasis gått til idrettsanlegg/-bygg og kulturbygg. Det same gjeld i Hordaland. I dei tre andre vestlandsfylka er denne delen noko mindre. I Sogn og Fjordane har det i denne perioden vorte investert meir i kulturbygg enn i idrettsanlegg og idrettsbygg. I dei tre andre vestlandsfylka og på landsplan har det vorte investert betydeleg meir i idrettsanlegg/-bygg enn i kulturbygg.

Kostradatabasen har ikkje opplysningar om netto investeringar. Brutto investeringar i kommunane inkluderer også tilskot frå stat og fylkeskommune, pluss frå eventuelle andre bidragsytarar. Vi har ikkje grunnlag for å seie kor stor kommunesektorens eiga investering har vore i perioden.

**Tab 10 Kommunale investeringsutgifter på kulturfeltet. Løpande priser.**

		2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Sum 08-12	Sum 05-12
Landet	BI-utg kultursektor per innbygger	430,1	411,5	600,4	712,6	983,5	936,8	841,9	839	4313,8	5755,8
	BI-utg til komm idrettsbygg/ anlegg per innbyggjar	:	:	:	256	480	570	504	462	2272	
	BI-utg til komm kulturbygg per innbyggjar	:	:	:	115	253	199	166	177	910	
	Idrett i prosent				35,9	48,8	60,8	59,9	55,1	52,7	
	Kultur i prosen				16,1	25,7	21,2	19,7	21,1	21,1	73,8
Landet utan Oslo	BI-utg kultursektor per innbygger	422,5	451,8	612,5	726,5	769,6	822,3	904,1	906,6	4129,1	5615,9
	BI-utg til komm. idrettsbygg/ anlegg per innbyggjar	:	:	:	291	312	434	546	504	2087	
	BI-utg til komm. kulturbygg per innbyggjar	:	:	:	131	198	199	165	176	869	
	Idrett i prosent				40,1	40,5	52,8	60,4	55,6	50,5	
	Kultur i prosent				18,0	25,7	24,2	18,3	19,4	21,0	71,6
Rogaland	BI-utg kultursektor per innbygger	405,8	487,5	521,1	656,8	981,4	723,5	787,7	784	3933,4	5347,8
	BI-utg til komm. idrettsbygg/ anlegg per innbyggjar	:	:	:	74	231	306	678	518	1807	
	BI-utg til komm. kulturbygg per innbyggjar	:	:	:	17	406	165	81	142	811	
	Idrett i prosent				11,3	23,5	42,3	86,1	66,1	45,9	
	Kultur i prosent				2,6	41,4	22,8	10,3	18,1	20,6	66,6
Hordaland	BI-utg kultursektor per innbygger	553,9	545,2	639,3	485,2	879,4	1337	1129,5	965,6	4796,7	6535,1
	BI-utg til komm idrettsbygg/ anlegg per innbyggjar	:	:	:	280	452	786	686	591	2795	
	BI-utg til komm. kulturbygg per innbyggjar	:	:	:	78	183	260	133	116	770	
	Idrett i prosent				57,7	51,4	58,8	60,7	61,2	58,3	
	Kultur i prosent				16,1	20,8	19,4	11,8	12,0	16,1	74,3
Sogn og Fj	BI-utg kultursektor per innbygger	538,2	626,6	403,3	1265,4	1119,2	1149	1458,6	1447,9	6440,1	8008,2
	BI-utg til komm. idrettsbygg/ anlegg per innbyggjar	:	:	:	68	225	322	514	461	1590	
	BI-utg til komm. kulturbygg per innbyggjar	:	:	:	598	426	507	343	321	2195	
	Idrett i prosent				5,4	20,1	28,0	35,2	31,8	24,7	
	Kultur i prosent				47,3	38,1	44,1	23,5	22,2	34,1	58,8
Møre og R	BI-utg kultursektor per innbygger	468	290,1	406,9	477,7	762,6	888,6	716,1	485,1	3330,1	4495,1
	BI-utg til komm. idrettsbygg/ anlegg per innbyggjar	:	:	:	201	312	454	206	161	1334	
	BI-utg til komm. kulturbygg per innbyggjar	:	:	:	97	207	206	117	114	741	
	Idrett i prosent				42,1	40,9	51,1	28,8	33,2	40,1	
	Kultur i prosent				20,3	27,1	23,2	16,3	23,5	22,3	62,3

**(BI = bruttoinvestering)**

## Storbyane Stavanger og Bergen samanlikna med Oslo og Trondheim

I tabell 11-19 nedanfor ser vi nærmare på utviklinga av kulturutgiftene samla og til ulike formål i storbyane i landet. Dette gjeld vestlandsbyane Stavanger og Bergen, og i tillegg Oslo og Trondheim. Noko av bakgrunnen for dette er den diskusjonen som har reist om statlege kulturutgifter i Oslo samanlikna med statlege kulturutgifter i den andre større norske byane. Alle tal er også her i løpande (nominelle) kroner. Tabell 11 og 12 viser kulturutgiftene samla og som del av totale kommunale driftsutgifter.

*Tabell 11 Kommunale netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kroner*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2005-2012	Prosent 2008-2012
Oslo	1413	1420	1518	1629	1688	2114	2236	2123	50,2	30,3
Stavanger	1752	2824	2443	2516	2542	2772	2864	2979	70,0	18,4
Bergen	1337	1478	1669	1916	1842	1930	1899	1966	47,0	2,6
Trondheim	1234	1282	1482	1603	1508	1503	1659	1800	45,9	12,3

*Tab 12 Netto driftsutgifter til kultur i prosent av kommunens totale driftsutgifter*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Oslo	4,0	3,9	3,9	3,9	3,9	4,6	4,2	3,8
Stavanger	6,6	9,3	8,0	7,7	7,2	7,3	6,4	6,2
Bergen	5,2	5,2	5,4	5,6	5,2	5,3	4,4	4,3
Trondheim	4,7	4,8	5,1	5,1	4,8	4,7	4,1	4,1

Tabellane viser at Stavanger gjennom heile perioden har hatt (betydeleg) høgare kulturutgifter enn dei tre andre byane. Stavanger brukar òg ein (betydeleg) høgare del av kommunens samla driftsbudsjett til kulturformål enn det dei tre andre storbyane gjer. Kulturutgiftene i Stavanger gjorde eit stort hopp i 2006, truleg i samband med førebuingane til Kulturby Stavanger 2008. I 2007 gjekk utgiftene ein del ned att. Frå 2008 har det vore ein svak auke, men ein har ikkje nådd realnivået frå 2006. I 2006 utgjorde driftsutgiftene til kultur heile 9,3 pst. av samla driftsutgifter. I 2012 var prosentdelen 6,2. Han har gått ned kvart år sidan 2006. I dei tre andre byane har det vore ein meir jamn, men ikkje heilt lineær, utvikling. Trondheim har lågast kulturutgifter per innbyggjar. Oslo nyttar lågast prosentdel av samla driftsutgifter til kulturformål. Slik har mønsteret vore heile perioden 2005-12.

*Tab 13 Kommunale netto driftsutgifter til folkebibliotek. Kr per innbyggjar*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2005-2012	Prosent 2008-2012
Oslo	207	198	204	249	223	259	271	275	32,9	10,4
Stavanger	274	269	278	203	240	242	286	249	-9,1	22,7
Bergen	201	204	185	193	197	195	190	203	1,0	5,2
Trondheim	192	181	186	203	209	224	217	228	18,8	12,3

Utgiftene til folkebibliotek i dei fire byane har vakse betydeleg svakare enn kulturutgiftene generelt. Særleg gjeld dette Stavanger, der bibliotekutgiftene har gått ned med 9,1 prosent i løpande prisar i perioden. I faste prisar inneber dette ein prosentnedgang på 31 pst. I Bergen har bibliotekutgiftene stått i ro (løpande prisar). Det har vore realnedgang også i Trondheim og i Oslo (svak).

Tab 14 Kommunale netto driftsutgifter til musikk- og kulturskular. Kr per innbyggjar.

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2005-2012	Prosent 2008-2012
Oslo	46	47	52	58	64	69	72	61	32,6	5,2
Stavanger	167	184	211	241	256	264	207	256	53,3	6,2
Bergen	121	130	149	159	160	154	177	180	48,8	13,2
Trondheim	192	195	219	242	227	228	220	243	26,6	0,4

Bergen og Stavanger har halde opp utgiftene til musikk- og kulturskular på om lag same nivå som samla kulturutgifter. Oslo har sært låge utgifter på dette området. Trondheim låg i byrjinga av perioden i toppen her blant dei fire byane. Men sidan 2008 har utgiftene i Trondheim på dette området i praksis stått stille.

Tab 15 Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod barn og unge. Kr per innbyggjar

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2006-2012	Prosent 2008-2012
Oslo	:	333	328	331	356	433	419	397	19,2	19,9
Stavanger	:	172	189	258	267	219	233	235	36,6	-8,9
Bergen	:	200	183	198	207	210	216	226	13,0	14,1
Trondheim	:	183	246	264	223	232	212	224	22,4	-15,2

Når det gjeld aktivitetstilbod til barn og unge, har storbyane, naturleg nok, noko høgare driftsutgifter på dette feltet enn kommunane elles i landet og i dei aktuelle fylka. Særleg gjeld dette Oslo. Det har vore ujamnt vekstforløp i dei ulike byane. Men veksten er betydeleg lågare for denne posten enn for kulturutgiftene i alt. Utgiftene har siste åra vorte betydeleg reduserte i Stavanger og Trondheim, i løpande prisar.

Tab 16 Netto driftsutgifter til museum og kunstformidling. Kr per innbyggjar

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2005-2012	Prosent 2008-2012
Oslo	82	80	87	99	118	109	145	166	102,4	67,7
Stavanger	325	350	493	526	549	616	594	600	84,6	14,1
Bergen	374	386	423	434	420	442	453	449	20,1	3,5
Trondheim	227	279	307	333	346	338	339	351	54,6	5,4

Utgiftene til drift av museum og kunstformidling er gjennomgåande høge i Stavanger og særst låge i Oslo. I desse to kommunane har utgiftene auka prosentvis mykje i perioden. Middels vekst i Trondheim og låg nominell vekst (betydeleg realnedgang) i Bergen.

Når det gjeld idrett og kommunale idrettsbygg (tabell 17 nedanfor), er Stavanger klart i toppen. Byen har også ein sterk utgiftsvekst i perioden. Deretter følgjer Oslo. Bergen og Trondheim har svakare vekst, men også i desse to byane har idrettsutgiftene vakse prosentvis meir enn kulturbudsjettet samla. Litt ujamn utvikling både i Bergen og Trondheim.

Tab 17 Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg og til idrett. Kr per innbyggjar

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2005-2012	Prosent 2008-2012
Oslo	438	448	453	490	500	740	770	784	79,0	60,0
Stavanger	426	522	674	692	737	879	873	976	129,1	41,0
Bergen	440	502	581	712	687	732	671	702	59,5	-1,4
Trondheim	399	381	465	488	431	412	547	636	59,4	30,3

Utgifter til kommunale kulturbygg (tabell 18) har vi oppgåver frå 2008 og 2009. Oslo og Stavanger har klart størst utgifter på dette området, medan dei to andre byane, særleg Trondheim, har svært låge utgifter. Veksten har vore sterkast i Stavanger.

Tab 18 Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg. Kr per innbyggjar

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Pst 2008(9)- 2012
Oslo	:	:	:	0	336	794	827	725	115,8
Stavanger	:	:	:	0	467	659	618	669	43,3
Bergen	:	:	:	93	105	122	116	129	38,7
Trondheim	:	:	:	19	25	20	48	42	121,1

Den siste posten, «andre kulturaktivitetar» (tabell 19), har (igjen) relativt høge utgifter i Oslo og Stavanger, og små utgifter i dei to andre byane. Også på denne posten er det er kjempehopp for Stavanger i 2006, deretter nedgang. Det er på denne posten vi finn nesten heile auken dette året for kultursektoren samla i Stavanger.

Tab 19 Netto driftsutgifter til andre kulturaktivitetar. Kr per innbyggjar.

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prosent 2005-2012	Prosent 2008-2012
Oslo	357	313	394	392	389	456	440	355	-0,6	-9,4
Stavanger	362	1328	598	507	372	360	503	493	36,2	-2,8
Bergen	47	72	157	127	67	74	77	75	59,6	-40,9
Trondheim	49	55	59	54	47	51	76	75	53,1	38,9

### Oppsummering

Vurdert einseitig ut frå kulturbudsjetta for dei fire storbyane, peikar Stavanger seg ut som «kulturbyen». Byen fekk eit budsjettmessig stort løft i 2006 og har klart å halde dette bra oppe i åra etterpå. Også i storbyane er det idretten og kulturbygg, særleg i Stavanger og Oslo, som har fått eit løft i perioden. Stavanger har også auka løyvingane til museum og kunstformidling sterkt. Taparane i storbyen er, som i landet elles, folkebiblioteka og aktivitetstilbod for barn og unge. Her har det i hovudsak vore realnedgang i løyvingane i alle byane. Omfanget og perioden varierer litt mellom byane.

## Fylkeskommunale kulturutgifter

Engerutvalet omtalar kulturområdet som «budsjettapar» innanfor fylkeskommunen for perioden 2002-2010. Dette blant anna fordi veksten i frie inntekter pr. innbyggjar har vore betydeleg større enn veksten i netto driftsutgifter til kultur. På 2000-talet er det Sogn og Fjordane, Troms, Finnmark og Vest-Agder som har høgast kulturutgifter per innbyggjar. Men unntak av Vest-Agder, låg desse fylkeskommunane også høgt på 1980-talet.

Fylkeskommunane i periferien har såleis lenge vore dei som har hatt høgast kulturutgifter. Engerutvalet kallar dette eit «omvendt sentrum-periferi-mønster»

Utvalet konstaterer at det på fylkesnivå har vore store variasjonar i utgiftene til ulike typar kulturformål frå år til år. Generelt har likevel fylkeskommunane under eitt brukt «nokså små andeler av kulturbudsjettene på kulturvernformål, bibliotekformål og idrettsformål og større andeler på museer og kunstproduksjon og -formidling.»

Nedanfor har vi laga eit oversyn over utviklinga av kulturutgiftene for fylkeskommunane samla og for kvar av dei fire vestlandskommunane. Alle tal er i løpande prisar. *Vi inkluderer også her tala for 2012, men gjer merksam på at desse tala er førebels, og ikkje heilt fullstendige.*

Tab 20 Fylkeskommunale netto driftsutgifter per innbyggjar til kultur. Heile landet.

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Pst. 2005-12	Pst. 2005-08
Kultur i pst av tot NDU	1,6	1,8	1,8	1,7	1,7	1,6	1,6	1,5		
Kultur i alt	158	187	199	203	210	229	245	249	57,6	22,7
Bibliotek	23	25	26	25	26	27	33	28	21,7	12,0
Museum	40	49	56	50	63	65	66	71	77,5	42,0
Kunstformidling	44	56	57	52	58	66	67	72	63,6	38,5
Kunstproduksjon	9	10	12	13	12	14	19	19	111,1	46,2
Idrett	10	18	13	19	-2	12	13	16	60,0	-15,8
Andre kulturaktivitetar	32	28	36	44	53	45	46	43	34,4	-2,3

Tab 21 Fylkeskommunale netto driftsutgifter per innbyggjar til kultur. Landet utan Oslo

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Pst. 2005-12	Pst. 2005-08
Kultur i pst av tot NDU	2,6	3	3	2,9	2,8	2,7	2,7	2,7		
Kultur i alt	175	210	223	232	239	260	283	289	65,1	24,6
Bibliotek	25	27	27	28	29	29	37	32	28,0	14,3
Museum	45	56	63	57	72	73	75	81	80,0	42,1
Kunstformidling	46	64	64	60	66	75	76	83	80,4	38,3
Kunstproduksjon	11	11	13	15	14	16	22	21	90,9	40,0
Idrett	12	21	14	21	-2	14	20	23	91,7	9,5
Andre kulturaktivitetar	36	32	41	50	60	52	53	49	36,1	-2,0

Tabell 20 og 21 viser at kulturens prosentdel av dei samla driftsutgiftene i fylkeskommunane har vore stabil (stabilt låg) siste åra. Tendensen sidan 2006 er at prosentdelen går svakt nedover. Museum og kunstformidling står for meir enn halvparten av dei samla utgifter på kulturområdet, og viser ein jamn auke i perioden. Størst auke er det i utgiftene til kunstproduksjon, særleg når vi inkluderer Oslo. Idrettsutgiftene svingar mykje. Biblioteket



framstår som taparområdet også i fylkeskommunen. «Andre kulturutgifter» omfattar allment kulturarbeid av ulikt slag og kulturminnevern.

Når det gjeld fylkeskommunane «våre», vil vi sjå at dei årlege variasjonane er store innanfor dei ulike delområda.

*Tab 22 Fylkeskommunale netto driftsutgifter per innbyggjar til kultur. Rogaland.*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Pst. 2005- 12	Pst. 2005- 08
Kultur i pst av tot NDU	2,9	3,3	3,6	3,7	3,1	2,6	2,8	2,7		
Kultur i alt	180	209	250	273	245	229	245	254	41,1	-7,0
Bibliotek	10	9	10	9	8	9	76	8	-20,0	-11,1
Museum	41	80	71	66	62	59	1	75	82,9	13,6
Kunstformidling	46	47	49	55	56	60	64	69	50,0	25,5
Kunstproduksjon	13	13	17	16	18	19	8	9	-30,8	-43,8
Idrett	17	6	10	0	0	0	0	0	-	-
Andre kulturaktivitetar	53	55	93	127	101	83	96	93	75,5	-26,8

Tabell 22 viser at kulturutgiftene til Rogaland fylkeskommune ligg under landssnittet, og at «Andre kulturaktivitetar» heile perioden har vore den største utgiftsposten. Kva dette skuldast, veit eg ikkje. Det har vore ein jamn og svak auke i utgiftene til kunstformidling, elles er det mykje opp og ned. Biblioteket er budsjettapar.

*Tab 23 Fylkeskommunale netto driftsutgifter per innbyggjar til kultur. Hordaland*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Pst 2005- 12	Pst 2005- 08
Kultur i pst av tot NDU	2,5	2,9	3,3	2,7	2,8	2,8	2,2	2,5		
Kultur i alt	144	177	224	201	219	262	222	256	77,8	27,4
Bibliotek	12	13	14	14	16	14	14	15	25,0	7,1
Museum	63	67	74	74	77	83	83	87	38,1	17,6
Kunstformidling	39	44	45	49	60	60	68	67	71,8	36,7
Kunstproduksjon	0	0	0	0	0	0	0	0		
Idrett	-3	12	42	13	14	56	-3	19	-	46,2
Andre kulturaktivitetar	33	41	49	51	51	48	60	67	103,0	31,4

I Hordaland er samla kulturutgifter no på nivå med Rogaland. Toppåret er 2010. Nokolunde jamn vekst i utgiftene til museum, kunstformidling og andre kulturaktivitetar (sterkast). Bibliotekutgiftene er særst låge heile perioden, og er ein klar budsjettapar. Rogaland har ikkje bokført nokon utgifter til kunstproduksjon. Kvifor ikkje?

Tabell 24 (nedanfor) viser at kulturutgiftene i Sogn og Fjordane er betydeleg høgare enn i dei andre fylka. Prosentdelen til kultur er derimot under landssnittet (utan Oslo). 2010 er «toppåret» for Sogn og Fjordane som for Hordaland. Nedgangen som tabellen viser i 2012 kan skuldast at våre Kostra-tal er ufullstendige.

Tab 24 Fylkeskommunale netto driftsutgifter per innbyggjar til kultur. Sogn og Fjordane

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Pst 2005- 12	Pst 2005- 08
Kultur i pst av tot NDU	2,9	3,1	3,9	3,8	4,2	3,5	2,7	2,5		
Kultur i alt	306	330	464	413	506	534	472	463	51,3	12,1
Bibliotek	43	46	49	48	49	54	56	54	25,6	12,5
Museum	39	83	134	85	182	160	123	138	253,8	62,4
Kunstformidling	63	45	58	75	84	88	94	94	49,2	25,3
Kunstproduksjon	0	0	0	0	0	0	46	48		
Idrett	14	-16	23	45	20	2	-19	-87	-721,4	-293,3
Andre kulturaktivitetar	148	173	200	159	171	230	172	217	46,6	36,5

«Andre kulturaktivitetar» utgjer i Sogn og Fjordane den (klart) største utgiftsposten heile perioden. Er det utgifter til kulturminnevern kanskje? Bibliotekutgiftene er langt høgare enn landssnittet, med har vakse moderat. Museumsutgiftene har vakse mest, men med ujamnt forløp.

Kulturutgiftene til Møre og Romsdal fylkeskommune (tabell 25) er på nivå med eller litt over Rogaland og Hordaland.

Tab 25 Fylkeskommunale netto driftsutgifter per innbyggjar til kultur. Møre og Romsdal

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Pst 2005- 12	Pst 2005- 08
Kultur i pst av tot NDU	2,4	2	2,8	2,7	2,5	2,3	2,5	2,1		
Kultur i alt	169	152	221	229	221	263	305	264	56,2	15,3
Bibliotek	27	28	29	31	35	32	37	41	51,9	32,3
Museum	47	46	57	57	68	68	71	79	68,1	38,6
Kunstformidling	63	65	65	83	93	98	115	133	111,1	60,2
Kunstproduksjon	3	1	0	-1	-2	1	-1	-4	-233,3	300,0
Idrett	14	-2	32	34	-11	49	66	-1	-107,1	-102,9
Andre kulturaktivitetar	16	14	39	25	38	15	16	16	0,0	-36,0

Fylket merkjer seg ut med relativt høge og veksande utgifter til kunstformidling, 50 pst. av samla kulturutgifter i 2012. Jamn auke i museumsutgiftene. Låge utgifter til «Andre kulturaktivitetar», og rimeleg bra utvikling av bibliotekutgiftene. Ingen (negative) netto driftsutgifter til kunstproduksjon.

Som vist ovanfor, er det vanskeleg å finne *klare fellestrekk* ved utviklinga av kulturbudsjetta i dei fire fylkeskommunane på Vestlandet. For tre av dei fire fylkeskommunane skjuler det seg mange og veksande utgifter i kategorien «Andre kulturaktivitetar». Gjeld dette kanskje mest utgifter til kulturvern? Utgiftene til kunstformidling (særleg) og museum har stort sett vakse jamt. Biblioteket er taparen i fylkeskommunen som i kommunen. Idrettsutgiftene er små og varierende. Tre av dei fire fylkeskommunane har nesten ikkje netto driftsutgifter til kunstproduksjon.

### Bruttoinvestering

Tabell 26 (nedanfor) gir eit oversyn over utviklinga av bruttoinvesteringane i kultursektoren på landsbasis og i dei fire fylkeskommunane.

**Tab 26 Bruttoinvestering kultursektoren. Fylkeskommunar. Kr per innbyggjar**

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Sum
Alle fylkeskommunar	12	8	3	13	35	13	12	14	110
Alle, utan Oslo	14	9	4	15	39	14	13	16	124
Rogaland	2	0	0	0	0	0	0	0	2
Hordaland	73	57	9	19	5	0	0	0	163
Sogn og Fjordane	0	6	0	0	2	188	310	162	668
Møre og Romsdal	68	5	9	0	0	1	0	0	83

Investeringsutgiftene er små. Rogaland har nesten ingen slike utgifter i perioden. Hordaland og Møre og Romsdal har tre år til saman med investeringar på mellom 57-73 kroner per innbyggjar. Sogn og Fjordane fylkeskommune merkjer seg ut med høge investeringsutgifter dei tre siste åra. Det gjeld truleg utgifter til bygging av det nye kunstmuseet i Førde.

### Løyvingar over Kulturdepartementets budsjett til Vestlandfylka

Til Engerutvalets rapport er det utarbeidd oversyn over fordelinga per fylke av statlege løyvingar over Kulturdepartementet budsjett. Oversynet gjeld programkategori 08.20 Kulturformål, som omfattar det «tradisjonelle» kulturfeltet. Utgifter til det frivillige området og til film- og medieformål er ikkje inkludert, heller ikkje Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Eg vel her først å presentere den tabellen som Enger-utvalet har lagt til grunn. Tabell 27 (neste side) viser utviklinga av fylkesfordelte statlege kulturutgifter per innbyggjar for perioden 2005-13. Fordelinga er gjort av departementet. Tala for 2013 inkluderer ikkje tiltak finansierte over budsjettkapitla 320/74, 326/80 og 56-postane på fleire budsjettkapittel. Dette gjeld ulike mindre kulturtiltak av ulike slag. Alle dei faste kulturinstitusjonane er inkluderte for alle fylka.

Når det gjeld utrekningane elles, viser eg til min rapport om «*Kulturloftet i tal, del 1*» til Enger-utvalet;

[http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Styrer\\_raad\\_utvalg/Kulturutredningen/Arnestad\\_Tal\\_a\\_i\\_Kulturloftet\\_Del\\_I.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Styrer_raad_utvalg/Kulturutredningen/Arnestad_Tal_a_i_Kulturloftet_Del_I.pdf)

Tabellen viser, som ventande er, at kulturloftingane over Kulturdepartementets budsjett ikkje fordeler seg jamt mellom fylka i landet. Løyvingane per innbyggjar er klart størst for hovudstaden. Dei store institusjonane som Den Norske Opera og Ballett, Nationaltheateret, Det Norske Teateret, Nasjonalmuseet, Oslo-Filharmonien og Norsk Folkemuseum står med sine samla løyvingar for rundt 80 pst. av KUD sine kulturutgifter i Oslo, slik desse utgiftene er fordelte av departementet. At dei statlege løyvingane er lågast for Akershus fylke, er heller inga stor overrasking.

Fylkesfordelingar av det statlege kulturbudsjettet kan gjerast på fleire måtar. Eg har for min del lite å innvende til den fordelinga KUD har gjort. For ordens skuld har eg likevel laga til ein ekstra rubrikk eg kallar "Oslo II". Då har eg late nasjonale institusjonar som Riksteateret, Norsk kulturråd, Rikskonsertene, ABM-utvikling og Språkrådet høyre til Oslo, saman med halvparten av Nasjonalbiblioteket. Den andre halvparten av Nasjonalbiblioteket har eg lagt til Nordland. (Nordland II i tabell 27).

Tabell 27. Fylkesfordelte statlege driftsutgifter på kulturområdet 2005-2013. Kroner per innbyggjar.

Fylke	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Endring i pros 2005-13	Samla inv.tilskot per innb. 2005-2011
Østfold	100	115	125	158	189	215	225	234	241	141,1	92
Akershus	33	42	46	51	61	67	72	91	95	191,8	7
Oslo	1 755	1 877	2 011	2 212	2 340	2 528	2 658	2701	2685	53,0	0
Oslo II (inkl. 5 nasj. institusj.)	2 612	2 769	2 926	3 204	3 312	3 525	3 615	3645	3 478	33,2	0
Hedmark	194	233	260	296	348	404	423	434	444	128,8	194
Oppland	249	283	309	358	408	436	456	458	476	91,3	95
Buskerud	118	132	148	155	173	193	202	210	217	84,0	20
Vestfold	86	88	110	116	143	158	165	169	154	80,1	0
Telemark	204	212	238	262	293	308	334	357	333	63,3	6
Aust-Agder	98	112	126	143	167	177	180	207	189	92,0	91
Vest-Agder	338	380	420	485	521	553	616	750	771	128,4	909
Rogaland	238	254	274	295	334	364	379	397	411	72,9	983
Hordaland	519	560	596	640	690	746	771	789	784	51,1	55
Sogn og Fj.	248	265	296	319	410	442	472	492	529	113,5	0
Møre og R	211	226	245	263	290	309	335	364	386	82,9	0
Sør-Trøndelag	482	518	565	594	749	862	887	915	894	85,3	333
Nord-Tr.lag	178	199	230	263	322	335	361	385	406	128,7	0
Nordland	219	259	282	305	344	368	388	400	375	71,6	279
Nordland II; inkl. halvpart av Nasj.bibl	802	860	899	995	1 095	1 169	1 270	1321	1327	64,9	279
Troms	321	382	419	476	519	553	582	596	612	90,7	917
Finnmark	183	246	253	264	313	321	353	374	332	71,6	673
Landsgj.snitt	<b>407</b>	<b>445</b>	<b>483</b>	<b>533</b>	<b>589</b>	<b>675</b>	<b>675</b>	<b>703</b>	<b>692</b>	<b>70,0</b>	
Gjennomsnitt utanom Oslo	<b>227</b>	<b>252</b>	<b>275</b>	<b>300</b>	<b>343</b>	<b>368</b>	<b>398</b>	<b>422</b>	<b>411</b>	<b>81,1</b>	
Nord-Noregs midlar	122	153	171	184	228	259	273	288	294	141,0	
Nord-Noreg samla	369	451	494	5421	626	681	720	750	746	102,2	552
Ufordelt, alt. I	47%	46%	45%	44%	44%	42%	43%	42%	(41%)		
Ufordelt, alt. II	31%	30%	30%	29%	30%	29%	29%	30%	(30%)		

For 2013 er ikkje tal frå kap. 320.74, 326/80 og 56-postar inkluderte

Oslo er altså heilt klart på topp når vi fordeler statlege kulturmidlar på fylka etter talet på innbyggjarar. Talet på statlege kulturkroner per innbyggjar til Oslo er mellom 3,4 og 4,4 gonger større enn for Hordaland, alt etter om vi legg til grunn tal for Oslo eller Oslo II. I 2005 var forholdet 3,3 og 5,0. Det indikerer, som også tabellen viser, at kulturutgiftene har auka litt meir for Oslo (53 pst) i perioden 2005-13 enn for Hordaland (51 pst).

På den andre sida må vi her ha med oss at statlege kulturutgifter er klart lågast i Akershus. Det mest «rettferdige» ville truleg vere å leggje saman statlege kulturutgifter for Oslo og Akershus og så dele dette på det samla talet på innbyggjarar i dei to fylka.

Tabellen viser elles at i perioden har statlege kulturøyvingar til «distrikta» auka prosentvis betydeleg meir enn statlege kulturøyvingar til Oslo. Skilnaden vert spesielt stor om vi reknar med dei nemnde Oslo II-institusjonane.

Utanfor Oslo er Hordaland på ”førsteplass” i perioden 2005-2008 med størst løyvingar per innbyggjar. Frå 2009 vert ”førsteplassen” klart overteken av Sør-Trøndelag, som synest å ha kome godt ut av museumsreforma (konsolideringa av musea) som trådte i kraft dette året (bl.a. rock- og popmuseet Rockheim). På ”tredjeplass” følgjer Vest-Agder, deretter følgjer Troms. Desse tre fylka har vore “i teten” heile perioden. Hordaland har svakast vekst i løyving per innbyggjar av alle fylka, Oslo inklusive. Akershus, Østfold, Hedmark, Vest-Agder og Nord-Trøndelag har sterkast prosentvis vekst. Rogaland kjem overraskande langt nede på lista, med sine 411 statlege kulturkroner per innbyggjar i 2013. Dei tre nordnorske fylka kjem elles godt ut dersom vi inkluderer Nord-Noregsmidlane, som m.a. omfattar Landsdelsmusikarane i Nord-Noreg, Nordnorsk Opera og Symfoniorkester og Sametinget, som aleine utgjer vel 50 pst. av dei felles nordnorske kulturøyvingane.

### Vestlandet spesielt

Til dette arbeidet hadde eg rekna med å få fylkesfordelte oversyn frå KUD som omfattar dei postane som manglar i tabell 27 for 2013. Det har eg ikkje fått. For dei fire vestlandsfylka har eg via andre kjelder (Norsk kulturråd og nokre google-søk) fått tak i desse løyvingstala også for 2013. Det dreier seg i alt om eit titals mindre budsjettpostar, som ikkje spelar så stor budsjettmessig rolle. Vi ser likevel av tabell 28 nedanfor at dei statlege løyvingstala for 2013 aukar litt for dei fire vestlandsfylka samanlikna med tala i tabell 27 ovanfor.

<i>Tabell 28 Fylkesfordelte statlege driftsutgifter på kulturområdet vestlandsfylka. Kr per innbyggjar</i>												
År	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Pst. 2005- 13	Pst. 2005 -10	Pst. 2010 -13
Rogaland	238	254	274	295	334	364	379	397	417	75,3	53,1	14,5
Hordaland	519	560	596	640	690	746	771	789	824	58,8	43,7	10,5
Sogn og Fjordane	248	265	296	319	410	442	472	492	532	114,6	78,4	20,3
Møre og Romsdal	211	226	245	263	290	309	335	364	396	87,6	46,6	28,0

Auken i 2013 er størst for Hordaland, frå kr 784 per innbyggjar i tabell 27 til kr 824 i tabell 28. Dette skuldast at Hordaland har fleire tiltak finansierte over «ymse-postane» i KUD enn dei tre andre fylka har. To nye tiltak også kom til i 2013; Bergenstriennalen (3 mill. kroner i løyving i 2013) og Fargespill (0,5 mill i 2013). For dei tre andre fylka er skilnadene mindre, fordi desse fylka har færre faste tilskot over post 320/74 Ymse faste tiltak.

Vi har òg laga eit oversyn over utviklinga av kulturtilskot over statsbudsjettet for byane Bergen og Stavanger. Jf. tabell 29 nedanfor. Vi har her teke utgangpunkt i fordelinga av samla løyvingar til fylka Hordaland og Rogaland. Så har vi teke ut institusjonane i dei to fylka som ikkje er plasserte i dei to aktuelle byane. Dette er rimeleg greitt for Rogaland. For Hordaland er det nokre «tvilstille». Vi har i vårt «bergensoversyn» teke med halvparten av utgiftene til Museum Vest og til Museumssenteret i Hordaland. Vi har for Bergen òg teke med alle utgiftene til Vestnorsk Jazzsenter. Uansett er det utgiftene til dei store institusjonane på

musikk-, scenekunst og museumsfeltet som utgjør nesten heile løyvinga til kulturlivet i Bergen og Stavanger.

*Tabell 29 Statlege driftsutgifter på kulturområdet fordelt på Bergen og Stavanger. Kr. per innbyggjar*

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tilskot per innb. Bergen	846	925	980	1 054	1 134	1 229	1 271	1 303	1 364
Tilskot per innb. Stavanger	693	731	780	828	934	1 011	1 024	1 079	1 149

På dei neste sidene følgjer eit fylkesvis oversyn over fordelinga statlege tilskot over Kulturdepartementets budsjettkategori 08.20 Kulturformål fordelt på dei tiltak og institusjonar som løyvingane gjeld. Nokre tal **i blått** for 2013 er «anslått». Eg kommenterer ikkje desse tabellane. Men her kan ein følgje utviklinga av løyvingane over statsbudsjettet til dei ulike institusjonar og tiltak i vestlandsfylka for perioden 2005-13, og med utgangspunkt i det rekne ut dei samanlikningar som høver best. Også oversyn over investeringstilskot over KUD-budsjettet er tekne med. Rogaland har fått klart størst investeringstilskot i perioden, særleg til det nye konserthuset.

<b>Kulturløftet i Rogaland - 2005-2013</b>									
Tiltak Alle beløp i 1000-kroner	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Haugesund Teater AS	4619	5210	5908	6162	7162	8662	8931	10000	10330
Kammermusikkfestivalen i Stav							1701	1754	1800
Kammermusikkfestivalen i Sta				1200	1400	1650	0		
Kapittelfestivalen i Stavanger							666	687	690
Kapittelfestivalen i Stavanger	65	66	504	526	626	646	0		
Misjonsarkivet		1000	1038	1083	1131	1167	1203	1240	1281
Rogaland Kunstmuseum	3028					0	0		
Rogaland Teater AS	34271	35443	37290	38893	42893	46893	48346	49845	52489
Stavanger Symfoniorkester	36915	38389	41848	45898	53199	59815	61669	67081	74081
Tou Scene							683	704	720
Tou Scene		500	519	541	641	662	0		
Dalane Folkemuseum	2074	2140	2321	2421	2528	2609	3090	3186	3291
Haugalandmuseene		2082	2461	2667	2784	3284	3386	3491	4106
Jærmuseet	4115	5247	5946	8802	10891	12391	15775	16264	16801
Karmsund Folkemuseum	1533					0	0		
Rogaland Kunstmuseum		3925	4274	4558					
Ryfylkemuseet	2106	2173	2756	2875	3402	3511	4620	5220	5392
Stav Museum/Rog. kunst.mus	4717	4868	6053	6313	13642	14380	14826	16326	17365
<b>Sum tilskot Rogaland</b>	<b>93443</b>	<b>101043</b>	<b>110918</b>	<b>121939</b>	<b>140299</b>	<b>155670</b>	<b>164896</b>	<b>175798</b>	<b>188346</b>
Teater/symfoniork i pst	76,2	73,1	71,3	69,5	68,5	68,5	66,7	66,5	67,2
Musea i pst	15,6	20,2	21,5	22,7	23,7	23,2	25,3	25,3	24,9
<b>År</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Innbyggertall	393104	397594	404566	412687	420574	427655	434572	443115	452 059
<b>Per innbygger</b>	<b>238</b>	<b>254</b>	<b>274</b>	<b>295</b>	<b>334</b>	<b>364</b>	<b>379</b>	<b>397</b>	<b>417</b>
<b>Andre tilskot</b>									
Stav - europeisk kulturhovudtad		20000	40000	40000					
Arkeologisk museum i Stavange	31474	31971	33031	33898					
Arkeologisk museum i Stavange	15093	15576	16168	16863					
Arkeologisk museum i Stavange	2300	2336	2387	3447					
	48867	69883	91586	94208					
<b>Investeringsstilskot</b>									
Jærmuseet									4000
Konserthus i Stavanger					20000	39000	39000	39000	39000

<b>Kulturløftet i Hordaland - 2005-2013</b>									
Tiltak <i>Alle beløp i 1000-kroner</i>	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Bergen Filharmoniske Orkester	72326	76744	81660	86171	91473	103338	106541	109844	115844
Bergen Kunsthall	300	1506	2063	3063	4198	5198	6359	8206	8477
Bergen Senter for El. kunst	1216	1246	1293	1349	1408	1453	1498	1544	1600
BIT - Teatergarasjen	964	983	1220	1272	3350	4350	4785	4933	5096
BIT 20 Ensemble				2200	2297	2547	2626	2707	2708
Brak - Bergen Rock Aktører			500	700	1000	1032	1064	1097	1133
Carte Blanche AS	14270	15350	16733	17753	19253	20030	20951	21600	23000
Den Nationale Scene A/S	76660	78164	81134	85623	90623	96623	99618	102706	106095
Den nye Opera inkl. Ad Opera		2401	4100	6820	12320	14513	14963	16065	19095
Fargespill (ny 2013)									500
Festspillene i Bergen	11275	12496	12972	15530	17030	17575	18120	18682	19297
Hordaland Teater	6091	6711	7466	7787	8787	9229	9515	10515	10862
Kor Vest							810	835	2403
Norges Blindeforb. Punkskr. tryk	3782	3855	4001	4173	4357	4768	4916	5068	5235
Ole Bull Akademiet	2568	2632	2732	2849	3100	3199	3298	3400	3512
Opera Vest, Bergen	1864					0			
Seilskipet Statsraad Lehmkuhl	4099	4189	4348	4535	4735	4887	5038	5194	5365
Stiftelsen "3,14"	180	291	302	315	329	340	351	362	370
USF Verftet							2250	2320	2397
Vest Norges Opera	1534	1564	1000						
Vestlandske Blindeforbund	229	234	243	253	264				
Vestlandske Teatersenter	980	1000	1038	1083					
Vestnorsk Jazzsenter	1678	1720	2085	2175	2271	2771	2857	2946	3043
VilVite - skolesekkmidler					468	966	996	1027	1061
Bergensriennalen (ny 2013)									3000
Baroniet Rosendal	875	903	1037	1082	1130	1166	1202	1239	1280
Bergens Sjøfartsmuseum	1697	1751	1918	2000	2088	2155	2222	2291	2367
Bryggens Museum	3482								
Bymuseet i Bergen		9535	10397	10844	11321	12821	14218	14659	15143
Hardanger Folkemuseum	1684								
Hardanger og Voss museum		6313	6653	7439	7766	8266	8522	8786	9076
Hordamuseet	1618								
Agatunet, Alvøen Hovedbygning	8086								
Bergen Kunstmuseum	2913								
Kunstmuseene i Bergen	500	10662	12067	13686	14288	17245	17780	18331	18936
Museum Vest		4425	4693	5395	5632	5812	5992	6592	6810
Museumssenteret i Hordaland	2392	4373	5539	6777	9175	9675	9975	10284	10623
Norges Fiskerimuseum 5)	1635					0	0		
Norsk Vasskraft- og Industristac	2433	2511	2706	2822	2946	3040	3134	3231	3338
Sunnhordland Museum	1565	2115	2295	2394	2499	2579	2659	2741	2831
Vestlandske Kunstindustrimus.	3666					0	0		
<b>Sum tilskot Hordaland</b>	<b>232562</b>	<b>253674</b>	<b>272195</b>	<b>296090</b>	<b>324108</b>	<b>355578</b>	<b>372260</b>	<b>387205</b>	<b>410497</b>
DNS og BFO i pst	64,1	61,1	59,8	58,0	56,2	56,2	55,4	54,9	54,1
Musea i pst	13,6	16,4	17,0	17,3	17,2	17,3	17,3	17,3	16,8



År	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Innbyggertall	448343	452611	456711	462674	469681	476945	483074	490570	498 231
<b>Tilskot per innbyggjar (Hland)</b>	<b>519</b>	<b>560</b>	<b>596</b>	<b>640</b>	<b>690</b>	<b>746</b>	<b>771</b>	<b>789</b>	<b>824</b>
<b>Investeringstilskot</b>									
Bergen Kunsthall								2000	4000
Bergen Kunstmuseum			10000	10000					
Den Nationale Scene A/S		1600	1800	2000					

<b>Kulturløftet i Sogn og Fjordane - 2005-2013</b>									
Tiltak <i>Alle beløp i 1000-kroner</i>	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Den norske bokbyen - Fjærland		100	204	213	313	323	333	343	354
Førdefestivalen	2000	2039	2616	3228	4000	4128	4756	4903	5465
Nordisk kunstnarsenter	859	876	909	948	2629	2713	2797	2884	3384
Opera Nordfjord	770	1285	1334	1891	2391	2891	2981	3281	3389
Norsk Country Treff							500	1200	1640
Sogn og Fjordane Teater	11050	11767	12714	13261	14261	15761	16250	16754	17307
Norsk Reiselivsmuseum	613								
De Heibergske Samlinger	3250	3987	4639	4838					
Kystmuseet i Sogn og Fj.	2444	2522	2718	2835					
Nordfjord Folkemuseum	1927	1989	2165	2258					
Sogn og Fjordane Kunstmus	2298	2372	2662	2876					
Sunnfjord Museum	1304	1346	1497	1561					
Musea i Sogn og Fjordane					20001	21501	23168	23886	26286
<b>Sum tilskot Sogn og Fj</b>	<b>26515</b>	<b>28283</b>	<b>31458</b>	<b>33909</b>	<b>43595</b>	<b>47317</b>	<b>50785</b>	<b>53251</b>	<b>57825</b>
SFTeater i pst	41,7	41,6	40,4	39,1	32,7	33,3	32,0	31,5	29,9
Musea i pst	44,6	43,2	43,5	42,4	45,9	45,4	45,6	44,9	45,5
År	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Innbyggertall	107032	106650	106194	106259	106457	107055	107634	108201	108 780
<b>Tilskot per innbyggjar</b>	<b>248</b>	<b>265</b>	<b>296</b>	<b>319</b>	<b>410</b>	<b>442</b>	<b>472</b>	<b>492</b>	<b>532</b>

<b>Kulturløftet i Møre og Romsdal - 2005-2013</b>									
Tiltak <i>Alle beløp i 1000-kroner</i>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Bjørnsonfestivalen							1793	1849	1910
Bjørnsonfestivalen	698	1012	1050	1095	1295	1545	0		
Bjørnstjerne Bjørnson-Akad.						400	412	425	439
Molde Internasjonale Jazzfest.	4137	4219	4379	4567	5067	5229	5391	6048	6588
Molde-Jazz, husleietilskudd								510	897
Nordic Light Festival							500	516	533
Operaen i Kristiansund	7569	8217	9130	10524	11524	12524	12912	13312	14152
Teatret Vårt	12563	13309	14315	14931	16431	18331	20699	23082	25294
TV -husleigetilskudd								1359	2330
Jugendstilsenteret i Ålesund	3495								
Atlanterhavsparken		1138	1281	1336					
Atlanterhavsparken	1303								
Kulturkvartalet		4107	5263	5589	5835	6022	6209	6401	6612
Nordmøre Museum	4132	4764	5045	5262	5762	5946	6630	6836	7062
Nynorsk kultursentrum	7226	7457	8090	9090	10090	10929	12268	14468	16865
Romsdalsmuseet	3921	4046	4300	4485	4985	5145	5804	5984	6181
Sunnmøre Museum	6589	7006	7372	7939	11183	11541	12149	12526	13939
<b>Sum tilskot Møre og Romsdal</b>	<b>51633</b>	<b>55275</b>	<b>60225</b>	<b>64818</b>	<b>72172</b>	<b>77612</b>	<b>84767</b>	<b>93316</b>	<b>102802</b>
Teatr. Vårt og Opera i pst	39,0	38,9	38,9	39,3	38,7	39,8	39,7	40,5	40,6
Musea i pst	42,4	42,1	41,2	41,3	44,4	43,2	43,5	42,7	42,8
<b>År</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Innbyggertall	244689	244978	245385	246772	248727	250970	253334	256628	259 649
<b>Tilskot per innbyggjar</b>	<b>211</b>	<b>226</b>	<b>245</b>	<b>263</b>	<b>290</b>	<b>309</b>	<b>335</b>	<b>364</b>	<b>396</b>
<b>Investeringstilskot</b>									
Romsdalsmuseet									4000

## Avsluttande merknader

Med innstillinga frå Enger-utvalet har lokalt og regionalt kulturliv, og lokale og regionale kulturstyresmakter, for første gong på svært lenge fått eit statleg kulturpolitisk dokument som tek denne delen av kulturlivet på alvor. ”Kulturutredningen 2014” er ikkje berre ei evaluering av Kulturløftet, men ein kunnskapsbasert, innsiktsfull og til dels kritisk analyse av mange sider ved norsk kulturpolitikk. Innstillinga er dessutan klar på kva som er hovudutfordringane i kulturpolitikken og kvar helst innsatsen dei nærmaste åra bør setjast inn.

## Den kulturelle grunnmuren

Den mest eintydige konklusjonen til utvalet er at den kulturelle grunnmuren i lokalsamfunnet er i ferd med å forvitre. Eit Kulturløftet III må derfor ”ha form av et økonomisk løft for den kulturelle grunnmuren i det lokale kulturlivet,” skriv utvalet, og føyer til: ”Samtidig kreves det en større sammenheng og samordning av kulturpolitikken på de ulike forvaltningsnivåene.”

Vi har i dette notatet vist at (også) i kommunesektoren i vestlandsfylka er det folkebiblioteket saman med kulturaktivitetar for barn og unge og området ”andre kulturaktivitetar” som kjem ut som taparar, medan idretten, idrettsanlegg og kulturbygg er vinnarar. Også i vestlandskommunane har den kulturelle grunnmuren vorte forsømt. Men tala vi har lagt fram, viser at i alle fall nokre Hordalandskommunar har teke fatt i biblioteket i perioden 2005-12.

Det er langt frå klart korleis ein skal make å gjenreise den kulturelle grunnmuren. Engerutvalet meiner at situasjonen er så dramatisk at dei foreslår statleg øymerking av kommunale kulturmidlar, kombinert med særskilte prosjektmidlar og forsøksverksemd på biblioteksektoren.

Ingen veit i dag korleis denne oppfølginga vil skje. Øymerking av statlege kulturmidlar vert det likevel knapt tale om. Andre indirekte verkemiddel er aktuelle. Dessutan må kommunesektoren sjølv erkjenne sitt ansvar for å bidra til å gjenreise grunnmuren.

Situasjonen er alvorleg. Fylkeskommunane på Vestlandet bør ta på seg eit særskilt ansvar for å sjå til at eit gjenreisingsarbeid kjem i gang i kommunesektoren i vestlandsfylka. KS bør vere ein viktig samarbeidspart. Men det er òg behov for ei felles styrking av kultursamarbeidet mellom kommunar og fylkeskommunar på Vestlandet. I arbeidet med å styrkje den kulturelle grunnmuren bør fylkeskommunane i vest ta på seg å spele ei *proaktiv* rolle overfor kommunane.

## Kultursektoren elles

Stavanger peikar seg ut som ”kulturbyen” i vest. Kulturby Stavanger 2008 har bidrege godt til dette. Også i storbyane er folkebiblioteka og kulturaktivitetar til barn og unge ”taparen”. Når det gjeld dei fire fylkeskommunane, er det, som for fylkeskommunane elles i landet, vanskeleg å finne klare fellestrekk når det gjeld utviklinga av kulturutgiftene, sjølv om biblioteket også her framstår som ”tapar”. Men biblioteket er ein liten utgiftspost i fylkeskommunen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har betydeleg høgare kulturutgifter per innbyggjar enn dei tre andre fylkeskommunane på Vestlandet. Ser vi på kommunane, er det Rogaland som merkjer seg ut, med kommunane i Møre og Romsdal i andre enden. Investeringsutgiftene per innbyggjar har vore klart størst i kommunane i Sogn og Fjordane, særleg til kulturbygg. I

kommunesektoren i dei tre andre fylke har betydeleg meir av investeringane gått til idrettsanlegg og idrettsbygg.

Det er elles ikkje mogleg å finne tydelege felles ”vestlandstrekk” korkje i den kommunale eller fylkeskommunale kultursektor.

### **Statlege kulturutgifter på Vestlandet**

I kjølvatnet av Enger-utvalets innstilling har det utvikla seg ein noko oppheta diskusjon mellom kulturministeren og representantar for medie- og kulturlivet i Bergen om den store forskjellen i statlege kulturløyvingar til Oslo og Bergen.

I dette notatet baserer vi oss på dei same tala som er lagde fram av Enger-utvalet. Her går det fram at gjennomsnittleg statleg kulturløyving per innbyggjar til fylke utanom Oslo i 2013 var kr 411. Rogaland ligg akkurat på landssnittet, Bergen ligg betydeleg over (kr 784). Det gjer også Sogn og Fjordane (kr 529), medan Møre og Romsdal ligg noko under (kr 386). Hordaland har svakast prosentvis vekst av alle fylkeskommunane når det gjeld statlege løyvingar for perioden 2005-13. Sogn og Fjordane har sterkast vekst på Vestlandet.

Dei nye tala vi presenterer for vestlandsfylka, viser ein noko sterkare vekst for Hordaland i 2013 enn det som kom fram i Enger-utvalets innstilling. Men dette vil truleg endre lite på konklusjonane ovanfor.

Fylkeskommunane bør vurdere å supplere det noko einsidige ”bergenskjøret” mot kulturministeren siste tida, med eit felles vestnorsk initiativ for å få auka merksemd og forståing for ei betre geografisk fordeling av statlege kulturløyvingar

### **Andre forhold**

Enger-utvalet har kome med mange gode og fornuftige framlegg for ei modernisering av ein statleg kulturpolitikk som kanskje har stivna litt og vorte vel mekanisk. Pengane i Kulturløftet har ikkje vesentleg endra strukturane i kulturlivet. Fylkeskommunane i vest bør samarbeide om si fråsegn til Enger-utvalets innstilling, og helst lage ei felles fråsegn.

Utvalet foreslår også nokre organisatoriske endringar i den statlege kulturforvaltninga. M.a. at ansvaret for kulturskulen vert ført over frå Kunnskaps- til Kulturdepartementet, og at det bør vurderast å flytte ansvaret for kulturminnevernet frå Miljøvern- til Kulturdepartementet. Utvalet meiner også at ansvaret for alt internasjonalt kulturarbeid bør liggje i Kulturdepartementet. Vestlandsfylka bør i fellesskap gi si tilslutning til desse forslaga.

Vestlandet bør òg gi si tilslutning til forslaget om ei betydeleg opptrapping av forskingsinnsatsen på kunst- og kulturpolitikken gjennom etablering av eit forskingssenter for kultursektorforsking. Også Grund-utvalet kom med eit slikt forslag i 2011. Det bør her takast til orde for ei koordinert nettverkssatsing på denne type forskning. Ingen av vestlandsfylka er forresten i posisjon til å kunne verte lokaliseringsstad for eit mogleg senter.

*Til slutt:* Engerutvalet erkjenner at dialogen mellom Kulturdepartementet og fylke/kommunar ikkje har vore god nok, og tek til orde for ein meir organisert dialog mellom partane. Men samspelet mellom kommune og fylkeskommune må òg betrast, ifølgje utvalet. Dei fire fylkeskommunane bør også på dette området lage ei felles fråsegn. Å få til endringar i dialogen med Kulturdepartementet er svært vesentleg for den framtidige kulturpolitikken.

## Vedlegg: Samla kulturutgifter for byane i Møre og Romsdal

Samla kulturutgifter byane i Møre og Romsdal 2005-2012								
Samla utgifter (1000 kroner)	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Aktivitetstilbod barn og unge	7565	7679	9483	9276	8260	9006	9695	8716
Folkebibliotek	17326	17893	16562	18607	18843	19824	20246	21699
Kino	4196	3905	4345	799	607	855	1785	987
Netto driftsutgifter til musé	2391			5024	4810	4080	4265	4279
Kunstformidling	7837			8184	13138	12617	13116	13736
Idrett	28880	38250	40220	21186	21339	21649	17657	17114
Komm idrettsbygg/anlegg	0	0	0	25855	22951	23781	28590	30757
Komm. musikk- og kulturskoler	22330	24202	23156	23241	23515	24524	26265	29476
Andre kulturaktivitetar	19746	21051	28427	16635	15624	16974	13923	15810
Kommunale kulturbygg	0	0	0	16588	18939	19334	21012	23091
Kultursektoren i alt	110246	85211	92232	145395	148026	152644	156554	165665
Komm netto driftsutg i alt	2342362	1825539	1957012	2904273	3090633	3266137	3982880	4357380
Folkemengde i alt	87394	88161	88788	89808	91015	92329	93717	95100
NDU kultur i pst av NDU tot	4,7	4,7	4,7	5,0	4,8	4,7	3,9	3,8
<b>Utgifter per innbyggjar</b>								
NDU totalt	26 802	20 707	22 041	32 339	33 957	35 375	42 499	45 819
NDU Kultur	1 262	1 282	1 376	1 619	1 626	1 653	1 670	1 742
NDU Aktivitetstilb. barn/unge	87	87	107	103	91	98	103	92
NDU Bibliotek	198	203	187	207	207	215	216	228
NDU Museum og kunstform.	117	0	0	147	197	181	185	189
NDU Idrett og idrettsanlegg	330	434	453	524	487	492	493	503
NDU Musikk- og kulturskole	256	275	261	259	258	266	280	310
NDU Andre kulturaktivitetar	226	239	320	185	172	184	149	166
NDU Komm kulturbygg	0	0	0	185	208	209	224	243
<b>2005-2007: Kristiansund + Frei kommunar</b>								